



Old Boys-gutta er ikkje så altfor mange, dei har vore oppe i 12 på det meste og har ingen å spela mot. Då vi vitja dei sist var dei 8.

Stor var difor gleda ved treningsstarten i kveld då ein mann frå Trieste i Italia slutta seg til gjengen og det vart 6 på laget.

Blekim Musliu har flytta til Uskedalen med kone og to born. Dermed fekk gamlegutta også ein maskot i tillegg: Valentina går i sjuande klasse på skulen.

Leiar for laget Gunnar Leite innrømmar at det ikkje er så lett å halda eit slikt lag igang i Uskedalen. Dei satsar som før på trening i Aktivitetshuset på torsdagane.

Heio kunne sjølvsagt vera eit alternativ, men hvis det møter berre 6 blir det håplaut å spela på den digre bana. Og det er lenge sidan det var ein spesiell serie for Old Boys i distriktet.

På biletet ligg Valentina foran og faren hennar sit til venstre. Uskedelingane er Even, Kjartan og Hans Stensletten, Gunnar Leite, og Per Inge Koløy.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen